



Innkalling
av
Levekårsutvalet

Møtedato: 12.06.2018
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 18.00

Eventuelle forfall må meldast til følgjande epost adresse: Folkevalde@lindas.kommune.no
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Synfaringar:

Kl. 08:15 -Avreise frå Nordhordlandshallen

kl. 08:45 -Ostereidet ungdomsskule, med Idrettsbygget v/Arne J. Riisnes-Rektor

ca. kl. 09:45 -Ostertunet v/Merete Møster-Avdelingsleiar Ostereide heimeteneste

ca. kl. 10:45 -Synfaring på byggeplass, nye Knarvik barneskule v/Line M Valle, Einingsleiar

Orientering:

Turlaget-byggeprosjekt i Kalvedalen v/Helene Ødven-dagleg leiar Bergen og Hordaland Turlag

Sakliste

Saknr	Tittel
033/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/18	Godkjenning av møteprotokoll – 22.05.2018
035/18	Høyringsuttale til Prehospital plan for Helse Bergen HF
036/18	Høyringsuttale til Utviklingsplan 2035 for Helse Bergen HF
037/18	Økonomiplan 2019-2022

4. juni 2018

Asle Hetlebakke
møteleiar

Nora Gjerde
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
033/18	Levekårsutvalet	PS	12.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	18/1610

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
034/18	Levekårsutvalet	PS	12.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	18/1610

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Levekårsutvalet - 22.05.2018

Møteprotokollen vert godkjent

Saksopplysningar:

Møteprotokoll for Levekårsutvalet

Møtedato: 22.05.2018
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 14.45

Orienteringar:

- Jordmortenesta v/Nina Stangeland-jordmor og Reidun Sæbdal-einingsleiar Helsetenester
- Alternativ opplæring v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst
- Status Lonane-planen v/Line Thuen Waage-rådgjevar Plan

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Asle Hetlebakke	KRF	Utvalsleiar
Vetlemøy Wergeland	KRF	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Nestleiar
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Tove Linnea Brandvik	AP	Medlem
Ingeborg Myksvoll	SP	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Laila Bjørge	SP	Ingeborg Myksvoll
Pål Inge Fosse Hopland	AP	Tove Linnea Brandvik
Trude Hosøy Andersen	MDG	Anita Bakken

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Line Thuen Waage-rådgjevar Plan, Linn Hagen-rådgjevar Drift eigedom, Øyvind Stang- einingsleiar Kultureining, Nora Gjerde- sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
028/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/18	Godkjenning av møteprotokoll
030/18	Byggeprogram ny kommunal barnehage på Lindås
031/18	Kulturmidlar 2018 - hovudtildeling
032/18	Utgreiing: mogleg plassering av eit regionalt kulturhus med badeanlegg i Knarvik

028/18: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent

22.05.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Ingen merknader, samrøystes.

LE - 028/18 VEDTAK:

Innkalling og sakliste er godkjent

029/18: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

22.05.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Møteprotokoll frå møte - 24.04.2018 vert godkjent, samrøystes.

LE - 029/18 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte - 24.04.2018 er godkjent.

030/18: Byggeprogram ny kommunal barnehage på Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet slik det ligg føre med ei total økonomisk ramme på 65.324 mill. for perioden 2016-2021.
 2. Kommunestyret godkjenner oppstart av forprosjekt.
-

22.05.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Linn Hagen-rådgjevar Drift eigedom
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 030/18 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet -22.05.2018:

Ingen merknader.

031/18: Kulturmidlar 2018 - hovudtildeling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet vedtek rådmannens sitt framlegg om tildeling av kulturmidlar 2018 – hovudtildeling.

22.05.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering om retningslinjer/kriterier for tildeling av kulturmidler v/Øyvind Stang-einingsleiar
Kultureininga

Fellesframlegg:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Resttildelinga under kunstformidling og musikk vert foretatt etter gjeldande prinsipp.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:

Lindås kommune vil sørge for at tildeling av kulturmidlar blir tilrettelagt i tråd med Norges Idrettsforbund sine datoar for tilbakemelding av medlemsregistrering. dette vil lette arbeidet for

kulturetaten, og kvalitetssikre tildelinga.

Framlegget fekk 2 røyster og fall (Frp, H)

LE - 031/18 VEDTAK:

Levekårsutvalet vedtek rådmannens sitt framlegg om tildeling av kulturmidlar 2018 – hovudtildeling. Resttildelinga under kunstformidling og musikk vert foretatt etter gjeldande prinsipp.

032/18: Utreiing: mogleg plassering av eit regionalt kulturhus med badeanlegg i Knarvik

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vedlagt prosjektmandat vert godkjend.

22.05.2018 LEVEKÅRSUTVALET

Orientering til saka v/Øyvind Stang-einingsleiar Kultureininga
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 032/18 VEDTAK:

Vedlagt prosjektmandat vert godkjend.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
	Eldrerådet	PS	
035/18	Levekårsutvalet	PS	12.06.2018
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terese Folgerø	18/1719

Høyringsuttale til Prehospital plan for Helse Bergen HF

Vedlegg:

Høringssvar Prehospital plan Prehospital plan 180425 Vedlegg 1(351694) Prehospital plan 180425
Versjon 09 til høring (L)(351693)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreinga

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Saka skal til innstilling i levekårsutvalet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Nasjonal helse- og utviklingsplan legg til grunn at alle føretak skal utarbeide utviklingsplanar med ein horisont fram mot 2035, og Helse Vest RHF vidareførte dette som bestilling i styringsdokumentet for 2017 til sine helseføretak. Helse-Bergen sin utviklingsplan skal og omfatte ein plan for prehospitala tenester, og denne er sendt ut på ein separat høyring, med frist 10. august 2018.

Vurdering

1. Prosess

Prehospital plan er ein del av Utviklingsplan 2035 Helse Bergen HF, og skal følgje rettleiar som er utarbeidd av Sykehusbygg i samarbeid med dei regionale helseføretaka: [«Veileder for arbeidet med utviklingsplaner»](#). Denne rettleiaren legg vekt på åpenhet, interessentanalyse, og seier at «Risiko- og mulighetsanalysen må beskrive både dagens

situasjon og de ulike alternative løsninger knyttet til akutfunksjoner, og må dekke pasientenes, fastlegenes, kommunenes og helseforetakets perspektiv.» Lindås kommune kan ikkje sjå at kommunane har blitt involvert i ein risiko og mulighetsanalyse, til tross for at planen omhandlar akuttmedisin utanfor sjukehus.

2. Akutthjelparordning

Brei omtale av ein ikkje nærare definert «akutthjelparordning» der ein og nyttar omgrepet «responstid», bidreg til uklårheit, og kan gje lesaren inntrykk av kommunane har ansvar for å ha ein akutthjelparordning. Det har dei ikkje. Det er så stor usikkeheit knytt til omgrepet «akutthjelpar», både når det gjeld krav til kompetanse, organisering og økonomi, at Helse Bergen ikkje kan legge til grunn at ein slik funksjon eksisterer.

3. Utrykkingstid/Responstid

Helse Bergen har problem med å oppfylle den nasjonale kvalitetsindikatoren for responstid, som er definert som tiden det tar frå ein 113-oppringning begynner å ringe hos AMK-sentralen til første ambulanse er på hendelsesstaden. Prehospital plan kan gje inntrykk av å ville redefinere denne nasjonale kvalitetsindikatoren. Planen gjer ikkje godt nok greie for kva Helse Bergen vil gjere for å oppfylle krava til responstid for ambulansene.

4. Ansvars- og oppgåvedeling

«Akutthjelparordning» er ikkje å finne i kostnadsberekningane. Dersom helseføretaket legg til grunn at det skal vere ein akutthjelparordning, og unnlèt å finansiere denne, kan dette oppfattast som ein oppgåveoverføring til kommunane som ikkje er avtalt, og som kommunane ikkje har finansiering for.

I tillegg kan ein forventning om ein ikkje næreare definert akutthjelparordning i kommunane bidra til utydeleg ansvars- og rolleforståing, og dermed utgjere ein risiko.

5. Transport av «utskrivningsklare pasientar»

Helse Bergen har for lang utrykkingstid/responstid, og noko av det blir forklart med at ambulansene er opptekne med anna transport. Betre planlegging av utskrivninger der vilkåra i [«Forskrift om kommunal betaling for utskrivningsklare pasienter»](#) § 9, punkta a-e er oppfylt, vil kunne gjere det lettare å planlegge transport av pasientar ut frå sjukehus, og vil kunne bidra til å redusere behov for ambulansar til denne pasientgruppa.

6. Samtrening og rettleiing

Spesialsithelsetenesta skal sjølv finansiere rettleiing til kommunane også når det gjeld akuttmedisin utanfor sjukehus. I Kapitlet «Valt hovedløyning» (kap 5.4, s 69), er det ikkje gjort greie for korleis og i kva omfang Helseføretaket planlegg å bidra til samtrening og rettleiing.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
	Eldrerådet	PS	
036/18	Levekårsutvalet	PS	12.06.2018
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terese Folgerø	18/1719

Høyringsuttale til Utviklingsplan 2035 for Helse Bergen HF

Vedlegg:

Utkast til Utviklingsplan 2035 Helse Bergen HF (L)(360154)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Nasjonal helse- og utviklingsplan legg til grunn at alle føretak skal utarbeide utviklingsplanar med ein horisont fram mot 2035, og Helse Vest RHF vidareførte dette som bestilling i styringsdokumentet for 2017 til sine helseføretak. Helse-Bergen sin utviklingsplan er sendt ut på ein separat høyring, med frist 24. august 2018.

Vurdering

Slik rådmannen ser det er Utviklingsplan for Helse Bergen 2018-2035 ein god overordna plan.

Det er noen uklåre omgrep , som til dømes «distriktsmedisinske sentra» og «helsehus». Dersom oppgåver frå spesialisthelsetenesta er foreslått overtatt av distriktsmedisinske sentra/helsehus, er det vesentleg for kommunane om ein her refererer til kommunale einingar, og dermed legg til grunn ei oppgåveoverføring til kommunar.

I kapitlet 4.2 om sjukdomsutvikling blir det peika på tre hovudutfordringar i utviklinga:

1. Sjukdom som heng saman med aldring,
2. samansette tilstander
3. Antibiotikaresistens og pandemifaren

Korleis dei ovannemnde punkta kan virke inn på behovet for lengre liggetid i sjukehus og auka sengekapasitet, er ikkje drøfta.

Rekruttering blir drøfta, og planen peikar på at kompetansebehova i spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta må sjåast meir i samanheng. Kommunane har problem med å rekruttere til fastlegeheimlar, og det snakkast om ein krise i fastlegeordninga. Kommunar strever og med å rekruttere til andre stillingar, som til dømes sjukepleiar. Det er derfor viktig at Helse Bergen ikkje legg til grunn ei oppgåveroverføring til kommunane som ikkje er realistisk.

Ein saknar fokus på både barn og vaksne med utviklingshemming.

Særleg er det ein utfordring på landsbasis og internasjonalt, at menneske med utviklingshemming vanskelegare får tilgang til diagnostikk og behandling av psykiske lidningar, sjølv om førekomsten er høgare enn i befolkninga elles.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Administrasjonsutvalet	PS	
	Arbeidsmiljøutvalet	PS	
018/18	Eldrerådet	PS	12.06.2018
024/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	11.06.2018
	Ungdomsrådet	PS	
037/18	Levekårsutvalet	PS	12.06.2018
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Janne Sund	18/1664

Økonomiplan 2019-2022

Vedlegg:

Økonomiplan 2019 - 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Investeringsbudsjettet for 2019 blir vedteke i samsvar med oppsettet i eigen tabell. Rådmannen skal justere investeringsbudsjettet for 2019 i samsvar med forventta framdrift på prosjekta som pågår i 2018 når budsjettvedtaket for 2019 fattast av kommunestyret i desember 2018.

Økonomiplan for 2019-2022 og rammer for 2019 vert vedteke, jfr eigen tabell. Det endelege budsjettvedtaket for 2019 med korrekt ramme for ordinært rammetilskot og rammer for tenesteområda inkludert lønns – og prisstigning vert vedteken av kommunestyret i desember 2018.

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i arbeidsmiljøutvalet, administrasjonsutvalet, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret